

PIT PARION

Kvifor det er så viktig å lesa saman med barna

Gjennom leseaktivitetar møter barna eit språk som er rikare og meir variert enn kvardagsspråket. Å lesa bøker saman er ein verknadsfull – og verdifull – språkutviklande aktivitet.

AV: TRUDE HOEL, FØRSTEAMAUENSIS, LESEENTERET

I boka om *Prinsesser og drakar* les eg og Terne (5 år) om prinsesse Fresia som er kalla opp etter ein vakker blome, og likevel er ho erkesint.

– Kva betyr erkesint? spør Terne.

– Kva tenkjer du? spør eg.

– *Erke* er kanskje ikkje eit ord du pleier å bruka, men du seier jo ofte *kjempe-* og *super-*.

– Er erkesint det same som kjempesint eller supersint?, spør Terne. Ho tenkjer litt på dette, og så seier ho: – Eg synest ikkje erke høyrest supert ut, men eg er einig i at det er litt sånn kjempe...

I denne vesle fortellinga ser me korleis det å møte nye ord i ei fortelling kan føra til refleksjonar og utprøvingar som gjer språket rikare. Språkstimulering er ein av fleire viktige grunnar til at me skal bruka god tid på å lesa saman med barn med ulik bakgrunn, med ulik leseerfaring og med ulik språkmeistring. Gjennom lesinga møter barna gode mønster for språkbruk både i den vaksne si formidling av fortellinga i boka, og ikkje minst i samtalar rundt lesinga.

Dessutan gjev lesinga tilgang til felles opplevingar og referanserammer, og gode lesestunder er dermed ei kjelde til både leik, undring og læring.

På www.lesesenteret.no finn de filmar og korte tekstar som handlar om kvifor det er så viktig å lesa saman med barna, kva bøker som er fine å lesa saman og korleis de kan leggja til rette for gode lesestunder.



facebook/pirion @avisapirion

www.pirion.no

for deg som jobbar med barn

Kultur, språk og litteratur

Faste spalter:

BOKPRAT | MIN BARNEHAGE | LES FOR MEG | AKTUELT

På nettsida vår kan du og lesa om Pirionkurs: Korleis kan vaksne bli medvitne brukarar og formidlarar av språk, kultur og identitet?

PiRion

Tips oss på pirion@pirion.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no

PIRION ER STØTTA AV KUNNSKAPSDEPARTEMENTET, FAGFORBUNDET OG LNK PIRION //2015, 16. årgangen – ISSN 1502-3036 Utgivar: Stiftinga Pirion Heimeside: www.pirion.no Ansvarleg redaktør: Svein Olav Langåker, mobil 94 87 53 65 E-post: pirion@pirion.no Korrektur: Halldis Furre Formgeving: Salikat design

nr. 1 - 2015
PiRion
- kulturavis for barnehagar og skular

Ein traktor er ikkje berre ein traktor





Lærer med Mopp og Mikko

I Ølensjøen FUS barnehage har dei tilsette forstått verdien av å formidla bøker om igjen. Til glede for barna finn dei vaksne nye og spennande måtar å fortelja historia på.

AV: SVEIN OLAV B. LANGÅKER FOTO: LESESENTERET

– Kva er det Mopp og Mikko elsker for noko?

– Dyr!!! ropar ungane i Ølensjøen FUS barnehage.

– Sjå her, då! Kva er dette for noko?

– Ein pusekatt!!!

Det er samlingsstund på småbarnsavdelinga. Vibecke Gundersen har med seg mange dyr, bokfigurane Mopp og Mikko – og mange spørsmål om kva dyra heiter og kva dei gjer på.

Sidan våren 2014 har Ølensjøen FUS barnehage samarbeidd med Lesesenteret om eit utviklingsprosjekt, der dei aktivt nyttar lesing som utgangspunkt for språkstimulering for dei yngste barna.

– Barn elsker repetisjon, og repetisjon er òg nødvendig for språklæringa. For kvar gong ei bok blir formidla om igjen, møter barna språket på ny. Dei får bekrefte det dei veit, dei får bruka språket og dei får utvida

erfaringane sine, seier Trude Hoel ved Lesesenteret ved Universitetet i Stavanger.

Nasjonalt døme

Ho håpar at prosjektet i Ølensjøen FUS barnehage blir eit eksempel til etterfølging for andre norske barnehagar.

– Me har sett at dei av ungane som var stille og rolege, har blitt ivrige i samlingsstunda og prøver å delta i samtalar så godt som dei

klarar, seier Vibecke Gundersen. Ho er tidlegare spesialpedagogisk leiar i Ølensjøen FUS Barnehage.

Ho forklarar at ikkje alle barna har utvikla språket sitt enno, men at dei plukkar opp lydar og etterliknar dei så gode som dei kan.

Det er 16 barn frå alderen 0-3 år som har deltatt i dette prosjektet. Dei har mellom anna lært mykje om ulike dyr av «Mopp og Mikko», og dei har vore på handel i butikken med figurane. For kva er

Kvifor skal me lesa saman med ungane?

- språkstimulering
- innpass i ein lese- og skriftkultur
- lyst til å lesa meir
- erfaringar med skrift og bilde i bruk
- forståing
- nærleik og felles opplevingar
- felles kulturelle referansar
- vekkjer undring og stimulerer fantasien
- kunstopplevingar

eigentleg å handla? Kvifor må me handla? Og kva kan ein handla?

– Imponert

Omsorgsassistent Jeanine Eide synest det er viktig å framheva at det er mogleg å ha med bøker på småbarnsavdelinga òg. Ho sydde Mopp og Mikko-tøydokker som ungane vil ha med seg.

– «Mopp og Mikko»-bøkene er veldig enkle, men eg har blitt imponert over alt ein kan dra fram frå dei. Eg kjente sjølv at eg blei inspirert av det, seier ho. Med bøkene har ein noko enkelt tilgjengeleg som ikkje krev så mykje planlegging.

No i vinter har dei byrja å jobba med Lars-bøkene til Svein Nyhus; «Lars er Lars» og «Lars er ikke».

– Då får me læra om kroppen, læra namnet på kroppsdelar og telja fingrar og tær, seier Jeanine som no har sydd ei Lars-dokke til avdelinga deira.

Trude Hoel ved Lesesenteret rosar måten barnehagen bruker bøker på. Han rådar andre barnehagar til å jobba systematisk med lesing og registrera leseaktivitetane.

Kor mange gongar tek barnet initiativ til å lesa sjølv? Kor lenge sit barnet med ei bok? Spør barnet ein vaksen om å lesa? Takkar barnet ja til eit tilbod om å lesa ei bok saman med vaksen? Vel barnet konsekvent bort leseaktivitetar?

Ho meiner dette kan gi større medvit om barnehagen sin eigen lesepraksis.

Sjå video frå barnehagen på Pirion.no



NÅR EG BLIR STOREBROR

Elisabeth Moseng har tidlegare illustrert bøker for både Erna Osland og Bjørn Sortland, dette er hennar debut som forfattar. Det er ingen tvil om at streken og illustrasjonane er det sterkaste ved denne biletboka, det er dei som ber historia og formidlar den gode forteljinga.

Moseng klarer også å bruke orda og setningane som grafiske element. Setningane svingar seg langs halsen på dinosauren, dei hoppar over eit fjell og skyt ut i verdensrommet i rakettfart. Ho blandar også ord med små og store bokstavar, noko som gjer høgtlesinga lettare då lesaren får vite kor trykktet i setninga ligg.


Historia er enkel, men også så universell. Den vesle guten som snart skal bli storebror, og

som har fleire spørsmål enn svar. Han som trur at han blir så sterk at han kan løfte eit hus, berre han blir storebror, eller så rask at han kan hoppe over eit fjell kanskje?

Men kva med mor og far, vil mor framleis kittle han slik at han nesten tissar på seg, og vil faren framleis vere hesten hans? Og kva skal han heite? Supermann? Sjefen? Eller kanskje berre Storebror?

Det er både skremmande og spanande å tenkje på livet som storebror. Biletboka passar for både dei yngste og litt eldre borna. Teikningane og tekstelementa er såpass enkle at dei treff dei minste best, men handlinga gir truleg ein ekstra dimensjon til dei som sjølve skal bli storebror eller storesøster.

Judith Sørhus Litlehamar



Av: Elisabeth Moseng Mangshou 2014

MONSTER-KOKKENE LAGER HAI-TE

Wenche With debuterer med ei spanande god natt - forteljing som passar best for dei mellom tre og seks år. Ho gir oss oppskrifta på korleis ein kan fange den skumle haien som gøymmer seg på soverommet og kjem fram akkurat når du skal sove. Haien som har skarpe tenner og som dukkar opp når du eigentleg skulle sove søtt.

Men ingen fare, når barnevakta til vesle Puddingen viser seg å vere ein ekte monsterkokk. Pia veit nemleg forskjellen på vanleg hai og vriomhai, ho veit at ein treng berre eit glas vatn og ei sitron for å lage ekte hai-te. Og haien på soverommet til Puddingen går sjølv sagt rett i fella.

Teikningane er akkurat så mørke og skumle som dei skal vere for å halde oppe spenninga i historia, samstundes forstår nok også dei minste lesarane at haien eigentleg ikkje finst. Innimellom dei mest dramatiske teikningane ser me også Puddingen og Pia på kjøkkenet, med ei ause som våpen og eit dørslog som hjelm.

Dei fleste av oss har vel høyrte rare lydar og sett skumle skuggar etter leggetid. Denne boka gir oss oppskrifta på korleis ein kan ufarleggjere det heile. Kanskje blir det litt lettare å sove etter denne historia?

Judith Sørhus Litlehamar



Av: Wenche With Illustrert av Jens Kristensen Mangschou 2014